



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Formannskapet	
<b>Sakshandsamar:</b>	Sektor samfunnsutvikling og kommunalteknikk	Hogne Haugsdal
	Arkivnr.: 16/8	Klassering:

### Høyringsuttale kommunal planstrategi Meland kommune 2016 - 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Høyringsuttale på kommunal planstrategi til Meland kommune blir vedtatt slik den ligg føre i saka.

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

#### Bakgrunn:

Formannskapet i Meland kommune vedtok 31.08.16 å leggje ut planstrategi 2016 – 2020 ut på høyring. Høyringsfristen er sett 20. oktober.

Kommunal planstrategi er regulert i plan- og bygningslova, og i følgje § 10-1 skal kommunestyret minst ein gang i valperioden, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Føremålet er å vurdere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for ønskt utvikling. Intensjonen med planstrategi er å styrke den politiske styringa med kva planer som skal prioriterast.

Som grunnlag for planstrategien i Meland kommune er det utarbeida eit utfordringsnotat. I framlegget til planstrategi er det tatt utgangspunkt i utfordringar og utviklingstrekk innanfor ulike hovudtema. Basert på desse utfordringane er det vurdert ulike analyse- og planbehov. Hovudtema som ligg i planstrategien er:

- Folketalsutvikling
- Bustadpolitikk
- Folkehelse og livskvalitet
- Skule og barnehage
- Helse og omsorg
- Kultur og idrett
- Meland kommune som tenesteleverandør
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Arealdisponeringar og infrastruktur

Nokre av dei utfordringane/utviklingstrekk som blir trekt fram er:

- Meland har ein ung befolkning samanlikna med snittet i Hordaland
- Kommunen har få tilrettelagte bustader for dei med særskilte behov
- Utdanningsnivået er lågare i Meland samanlikna med Bergen og snittet i landet
- Meland bør satse spesielt på velferdsteknologi i åra framover

- Det er behov for strategiar som sikrar omstilling og endring i næringslivet, i tillegg til at det er viktig å få ein samanstilling av alle næringsareal i regionen.
- I arbeidet med arealplanar og samfunnsutvikling blir det trekt fram at det er viktig å utvikle Flatøy, både isolert sett som område og som ein del av aksa Frekhaug – Flatøy – Knarvik.

Meland har også eit eige kapittel om det «Å byggja ein ny kommune», og her legg dei vekt på at ein kommunestyreperioden må ha prosessar som sikrar god kommunikasjon ut til innbyggjarar vedrørande informasjonsbehov i Meland og arbeidet med ny kommune. Det blir også lagt vekt på å utvikle ein god kompetanseplan for den nye kommunen. Basert på grunnlaget i intensjonsavtalen har Meland kommune vurdert følgjande analyse- og planbehov for den nye kommunen:

- Ein felles kommunikasjonsstrategi med målretta satsing på ekstern og intern informasjon
- Kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling i den nye Nordhordlandskommunen
- Klima- og miljøplan for den nye kommunen, med særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling
- Landbruks- og akvakulturplan for den nye kommunen

I oversikten over prioriterte planar og strategiar legg Meland vekt på arealplanar og temaplanar som støttar opp om dei utfordringar som er skissert i utfordringsnotatet. I tillegg har Meland lagt inn ei rekkje strategisk analysearbeid, mellom anna:

- Næringsstrategi
- Sykkelstrategi
- Kommunikasjonsstrategi
- Realfagstrategi
- Strategi for velferdsteknologi
- Strategi for kompetanseutvikling i Meland

### **Vurdering (Uttale):**

Planstrategien til Meland kommune er bygd opp på ein strukturert og systematisk måte, med ei analyse av sentrale utfordringar og utviklingstrekk, og ei vurdering av konkrete analyse- og planbehov som støttar opp om dei utfordringane kommunen har. Prioriteringsoversikten i dokumentet er todelt;

- 1) Areal- og temaplanar
- 2) Strategidokumenter

Det ser ut til at Meland kommune har prioritert planar og strategidokumenter som på ein god måte understøtter dei faktiske utfordringane kommunen har i neste kommunestyreperiode. Men kommunen bør vurdere ambisjonsnivået, spesielt sett i lys av at kommunen også skal førebu arbeidet med ein ny kommune. Det er lagt opp til å utarbeide 17 areal- og temaplanar, i tillegg til 9 større strategidokument. Fleire av planane og strategiane vil vere eit godt grunnlag å ta med inn i den nye kommunen, men dei er også omfattande å gjennomføre. I følgje tidsplanen skal mange av dei vere ferdig i løpet av 2017.

Ein del av dei planane og strategiane som Meland planlegg vil også ha påverknad for Lindås kommune og for ein ny kommune. Utviklinga på Flatøy, næringsstrategi og sykkelstrategi er prosessar kor kommunane bør ha tett dialog. I tillegg kan Lindås bidra med kunnskap og erfaringar inn i Meland sin strategi for velferdsteknologi.

Meland har også lagt inn eit kapittel om «å byggja ein ny kommune», og her blir det skissert fleire planbehov for den nye kommunen. Prosessen med kommunesamanslåing er absolutt ein viktig faktor som vil påverke alle andre prosessar i Radøy, Meland og Lindås. Men ei prioritering av kva planbehov den nye kommunen kan ha, bør ikkje vere ein del av planstrategien for Meland kommune. Dei planbehova bør bli vurdert av fellesnemnda og det bør lagast egne prosessar på det.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost